
Fra: Marit Røttingen <Marit@abo-ark.no>
Sendt: 26. juni 2015 13:11
Til: Anne-Lise Næs Olsen
Kopi: tom@boligsenteret.com; Arne Kristian Kolstad; Bjørn Atle Drange
Emne: Tilbakemelding Øvre Holsbergstien
Vedlegg: Alternativ utbygging blokk.pdf; Alternativ utbygging rekkehus.pdf; Alternativ utbygging, 25.06.2015.pdf; Snitt E.pdf; Snitt F.pdf; Snitt G.pdf

Øvre Holbergstien, Meland kommune

Tilbakemelding etter ekstramøte den 10.06.15 og dykkar brev av 18.06.15.

Boligsenteret AS og ABO har no vurdert vidare arbeid med planen, og sett på mogelege løysingar som tilsvar på tilbakemeldinga frå undervegs møtene med kommunen. Vi har funne det rett å sjå på ei ny utbyggingsløysing, der målet er å finne ei meir optimal utbygging, som ligg betre i terrenget, krev mindre vegbygging med langt færre avkjørsler, sikrar betre leike- og uteopphaldsareal for dei som skal bu i området, meir rom mellom bygningane, lite parkering på bakkeplan, endra etasjeantall og mindre utnytting.

Eit skissemessig framlegg til alternativ løysing for diskusjon er vedlagt:

- Planskisse med alternativ utbygging
- Snitt E-E, F-F og G-G
- Prinsippfigur for leilegheitsbygg
- Prinsippfigur for rekkehus

Leilegheitsbygga kan ha to tilfylde etasjar i bakkant (av desse kan ein etasje vera parkeringsgarasje). Mellom leilegheitsbygga kan det etablerast tun som kan innreist med leikeapparat for dei aller minste og elles som eit felles tun for opphald mellom bygga. I tillegg er det vist mange leikeområde, som eit samanhengande drag gjennom området bunde saman med gangveggar.

Rekkehusa ligg lengst aust og øvst i feltet. Løysinga vil føra til litt ulike bustadtilbod frå 3 – 4 roms leilegheit til rekkehus med 3 – 4 soverom – jf. prinsippfigurane.

Parkeringsløysinga for leilegheitsbygga ligg i garasjeanlegg under nokre av bygga. Parkering tilknytta rekkehusa er vist med markparkering.

Talet på bustadeiningar blir ein stad mellom 50 – 60 stk.

Tiltakshavar og oss ønskjer eit nytt møte med dykk for å drøfte om denne løysinga kan leggjast til grunn for eit revidert planforslag, jf. e-post sendt 19.6.2015. Vi fekk ikkje svar på denne eposten, men sender likevel over materiell som grunnlag for møte. Vi ber om ei tilbakemelding på om ein dag i veke 33 kan passe.

Vennlig hilsen
Marit G. Røttingen

Arealplanlegger
406 96 616



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

marit@abo-ark.no
www.abo-ark.no